




Rettleiing i forkant av FNT 2014 - 2017

Utbytte av opplæringa –
forvaltningskompetanse – skulebasert
vurdering



Felles nasjonalt tilsyn 2014 -2017


- Inneber ei vidareutvikling av tilsyn som verkemiddel – rettleiing som ein tydelegare del av tilsynsverksemda





Tilsynstema

- «Kjerneoppgåvene» i opplæringa
- Skal omfatte alle elevar – også kontroll av rettstryggleiken til dei med spesielle behov
- Korleis skulen arbeider med elevane sitt utbytte av opplæringa
- Forvaltningskompetanse (sakshandsaminga)
- Skulebasert vurdering





Elementa i rettleiinga

- Skuleeigar sitt eige ansvar å informere (rettleie) eigne skular og skuleleiarar om tema
- Rettleiingsmateriell på nett:
http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/_Tilsyn/Rettleiingsmateriell-for-felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/
- Fylkesmannen sine rettleiingsaktivitetar vår 2014:
 - Gjennomgang på regionale møte
 - Distribusjon av link til rettleiingsmateriell
 - Tilbod om å stille på samlingar i regi av kvar region
 - Tema i ulike samanhengar




Bruk av eigenvurderingsskjema

- I utgangspunktet frivillig å bruke
- Avdekke praksis i forhold til operasjonaliserte lovkrav
- Sette i gang prosessar for å betre eigen praksis – stimulere til endringsprosessar
- Ved varsel om tilsyn – pålegg om å sende inn eigenvurderingsskjema med relevant dokumentasjon



Tilsynsaktiviteten

- Tilsyn med felles del i 60% av kommunane i løpet av perioden (22 kommunar i M&R)
- I tillegg tilsyn med nokre kommunar i spesielle delar
- Erfaringsspreiing:
 - Undervegs i tilsynet t.d. gjennom hospitering
 - I etterkant t.d. gjennom samlingar

The background features a light blue and white color palette. On the left, there are several concentric, semi-circular lines in a dark grey color. A solid dark grey oval is positioned on one of these lines. A thin, dark grey line extends from the right side of this oval towards the right edge of the frame. On the right side, there is a large, solid light blue circle. In the top right corner, there is a faint, thin blue outline of a circle. The overall aesthetic is clean and modern.

Korleis skulen arbeider med
elevane sitt utbyte av
opplæringa



Denne delen av tilsynet omfattar:

- Korleis skulen arbeider med opplæringa i fag
- Individuell undervegsvurdering i fag
- Spesialundervisning
- Særskilt språkopplæring



Individuell undervegsvurdering i fag

8. Rettleier lærarane elevane om kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytt til?
 - Lærer sitt ansvar:
 - Som lærar skal du informere elevane om kompetansemåla i læreplanane og eventuelle mål fastsette i IOP

Prinsipp 1 i vurdering for læring:

Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som blir forventa av dei (§3-1)



Individuell undervegsvurdering i fag forts.

9. Rettleier lærarane elevane i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget?
 - Lærar sitt ansvar:
 - Som lærar skal du gjere eleven kjent med kva som blir vektlagt i vurderinga av hans/hennar kompetanse.
 - På trinn med karakter inneber dette å gjere eleven kjent med kva som skal til for å oppnå dei ulike karakterane.

Prinsipp 1 i vurdering for læring:

Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som blir forventa av dei (§3-1)



Individuell undervegsvurdering i fag forts.

10. Gjev lærarane elevane tilbakemeldingar på kva dei meistrar i faga?
 - Lærar sitt ansvar:
 - Som lærar skal du syte for at elevane under opplæringsprosessen får tilbakemeldingar på kva dei meistrar i faga, gjennom bruk av blant anna jamlege undervegsvurderingar.

Prinsipp 2 i vurdering for læring:

Elevane skal ha tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen (§3-11, 3-13)



Individuell undervegsvurdering i fag forts.

11. Rettleier lærarane elevane om kva dei må gjere for å auke kompetansen sin i faget?

- Lærar sitt ansvar:
 - Som lærar må du syte for å gje eleven tilbakemeldingar på kva han/ho kan gjere for å auke kompetansen sin.

Prinsipp 3 i vurdering for læring:

Elevane skal få råd om korleis dei kan forbetre seg (§3-11, 3-13)



Individuell undervegsvurdering i fag forts.

12. Syter lærarane for å involvere elevane i eige læringsarbeid ved at dei får:
- a) *Vurdere eige arbeid?*
 - b) *Vurdere eigen kompetanse?*
 - c) *Vurdere eiga fagleg utvikling?*
- Lærer sitt ansvar:
 - Som lærar må du syte for at eleven får høve til å vurdere eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.

Prinsipp 4 i vurdering for læring:

Elevane skal være involvert i eget læringsarbeid ved blant anna å vurdere eget arbeid og eiga fagleg utvikling (§3-12)



Individuell undervegsvurdering i fag forts.

- ***Summeoppgåve:***

- Samarbeid om Spørsmål 8 og 12 i
«Eigenvurderingsskjemaet»

- Nokon som vil kommentere i plenum?



Individuell undervegsvurdering i fag forts.

13. Har skulen ein implementert rutine for halvårsvurdering og årsrapportering ved spesialundervisning i alle fag der det:

- A) blir gjeve informasjon om eleven sin kompetanse i faga?
- B) blir gjeve rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin?



Individuell undervegsvurdering i fag forts.

- Rektor sitt ansvar:
 - Som rektor må du syte for at skulen har ein skriftleg implementert rutine som sikrar at eleven sin rett til halvårsvurdering og eventuell årsrapport blir oppfylt.
 - Rutinen må sikre at halvårsvurderinga/årsrapporten gjev informasjon både om noverande kompetansen eleven har og kva eleven kan gjere for å auke kompetansen sin.
 - Som rektor må du syte for at faglærarane gjennomfører halvårsvurderingar for alle elevane også for elevar med spesialundervisning.
 - *(Forskrift til opplæringslova § 3-13 og opplæringslova § 5-5.)*



Individuell undervegsvurdering i fag forts.

14. Har skulen implementert rutine for å sikre at lærarane systematisk vurderer om alle elevar har tilfredsstillande utbyte av opplæringa?

- Rektor sitt ansvar:
 - Som rektor må du syte for at skulen har ein implementert skriftleg rutine som sikrar at lærarane jamleg vurderer om elevane har tilfredsstillande utbyte av opplæringa.



Individuell undervegsvurdering i fag forts.

15. Sikrar rutinen at det for elevar som ikkje får tilfredsstillande utbyte av opplæringa, blir gjennomført vurdering av:

- A) Arbeidsmåtar?
 - B) Vurderingspraksis?
 - C) Læringsmiljøet?
- Rektor sitt ansvar:
 - Som rektor må du syte for at lærarane vurderer om eleven kan få eit tilfredsstillande utbyte ved å gjere tilpassingar innanfor den ordinære opplæringa.



Individuell undervegsvurdering i fag forts.

16. Gjennomfører skulen tiltak der det blir avdekt at elevane ikkje har tilfredsstillande utbyte av opplæringa?
- Lærer sitt ansvar:
 - Som lærar pliktar du å varsle rektor dersom det er mistanke om at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbyte av den ordinære opplæringa.
 - Rektor sitt ansvar:
 - Som rektor har du ansvar for at skulen så raskt som mogleg set inn tiltak som gjer at eleven får eit tilfredsstillande utbyte av opplæringa.